



MØTEBOK

Organ	Fylkesutvalet
Møtestad	Fylkeshuset - møterom Sygna
Møtedato	05.11.2014
Kl.	12.40 – 15.25

Faste medlemer til stades:

Åshild Kjelsnes, Ap
Nils P. Støyva, Ap
Jenny Følling, Sp
Anders Ryssdal, Sp
Frank Willy Djuvik, FrP
Marit Barsnes Krogsæter, V
Trude Brosvik, KrF

Forfall til møtet:

Noralv Distad, H
Karen Marie Hjelmeseter, Sp

Varamedlemer til stades:

Bjørn Erik Hollevik, H
Anita Nybø, Sp

Til stades med møte- og talerett:

Tore Eriksen

Sekretariat for møtet:

Knut Henning Grepstad

Ingen merknader til innkalling og sakliste.

Møtebok frå 24. september og 13. oktober 2014 vart godkjend utan merknader.

Trude Brosvik fekk permisjon og deltok ikkje ved handsaming av sak 126/14.

Fylkesordføraren orienterte om:

Planlagt møte med samferdsleministeren

Møte med Transportkomiteen i Stortinget
Det vert ikkje møte med klima- og miljøministeren om rovviltforvaltning

Marit Barsnes Krogsæter orienterte om møte om rovviltforvaltning.

Fylkesrådmannen orienterte om omfanget av skadar på fylkesveggar.

Fylkesutvalet avgjorde at det ikkje no skal leggast fram sak om ferjeavløysingsprosjekt

SAK 119/14 Val av medlemmar/varamedlem til representantskapet i Sparebanken Vest

VEDTAK:

Sogn og Fjordane fylkeskommune gjer framlegg om at det for perioden 2015 – 2019 vert valt medlem til Sparebanken Vest sin representantskap slik:

Medlem: Anita Nybø

Medlem: Henrik Oppen

Varamedlem: Svein Ottar Sandal

SAK 120/14 Endra organisering av Tannhelsetjenestens Kompetansesenter Vest

VEDTAK:

Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:

Samarbeidsavtalen mellom Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane fylkeskommune vedteken i FT-sak 60/10 og revidert i FU-sak 130/11, vert oppheva.

SAK 121/14 Omklassifisering/endring av fylkesveg 121 i Vik som følgje av utviding av Vik fengsel

VEDTAK:

1. 880 meter av dagens fylkesveg 121 i Vik sentrum vert omklassifisert til kommunal veg
2. 900 meter av dagens kommunale veg i Elvegata vert omklassifisert til fylkesveg 121
3. Omklassifiseringane vert gjort gjeldande når det er sett opp rekkverk langs Elvegata og gjort trafikkregulerande tiltak mellom Vange bru og kryss ved Vik fengsel

SAK 122/14 Omklassifisering fv. 57 Nishammaren

VEDTAK:

1. 250 meter gamal fylkesveg ved Sæternes og 450 meter gamal fylkesveg ved Nishammaren blir omklassifisert til kommunal veg fram til bom for vinterstengd gang- og sykkelveg.
 2. Kommunen tek over ansvaret for veglenkene når avtalt arbeid er utført.
 3. Endra kostnader som følgje av omklassifiseringa blir teke til vitande.
-

SAK 123/14 Høyring - Anbud på regionale ruteflygingar i Sør-Norge frå 1. april 2016

Frå hovudutval for samferdsle låg det føre slik tilråding til vedtak:

Innleiing:

Fylkesutvalet vil understreke at det er viktig å finne løysingar for anboda som gjer at fleire passasjerar ønskjer å nytte fly for transport til og frå fylket. Vi kan derfor ikkje stille oss bak ønsket som kjem fram i rapporten om at tal passasjerar skal reduserast. Vårt mål er at vi fortsatt skal ha eit aktuelt og attraktivt tilbod på rutenettet på alle våre fire flyplassar: Sogndal, Sandane, Førde og Florø. Flyplassane er livsnerven for vårt grisgrendte fylke, og samfunnsnyttan må også reknast inn i framtidige rapportar om struktur på flyplassar.

1. Ei kommersialisering av flyrutene i Sogn og Fjordane vil truleg medføre eit dårlegare flytilbod med færre avgangar og høgare billettprisar. Fylkesutvalet i Sogn og Fjordane vil difor ikkje tilrå ei kommersialisering av rutene mellom Sogn og Fjordane og Bergen/Oslo.
2. Fylkesutvalet tilrår at departementet gjev pålegg om forplikting til offentleg tenesteyting (FOT) og kjøper flyrutetenester etter anbuds konkurranse på alle ruter mellom Sogn og Fjordane og Oslo/Bergen med minst same krav til setekapasitet, frekvens, flystørrelse og ruteføring som i dag.
3. Fylkesutvalet kan ikkje akseptere at rutene mellom Førde og Bergen vert lagde ned og ber dessutan om at Samferdsledepartementet vurderer ei rute frå Bergen til Sogndal, Førde og Sandane på ettermiddag mellom kl. 16:00 og 17:00.
4. Setekapasiteten på morgonrutene til Oslo og ettermiddagsrutene frå Oslo må styrkast. For å få dette til er det ønskjeleg med fleire direkteruter Sogndal/Sandane og Oslo morgon og ettermiddag/kveld, som då kan gjere at ein får nattstasjonert fly i Sogndal også
5. Fylkesutvalet meiner maksimaltaksten på FOT-rutene er for høg slik som den er i dag og bør ikkje aukast ut over dagens nivå.

Endringsframlegg:

Arbeidarpartiet, Senterpartiet, Kristeleg Folkeparti, Høgre og Venstre sette fram slikt framlegg til vedtak:

Ny innleiing i staden for innleiinga frå hovudutval for samferdsle:

Sogn og Fjordane har i dag fire regionale lufthamner. Fylkesutvalet vil understreke at det er viktig å finne løysingar for anboda som gjer at fleire passasjerar ønskjer å nytte fly for transport til og frå fylket. Vårt mål er at vi skal ha eit aktuelt og attraktivt tilbod på rutenettet på alle våre fire flyplassar: Sogndal, Sandane, Førde og Florø. Flyplassane er livsnerven for vårt grisgrendte fylke, og samfunnsnyttan må også reknast inn i framtidige rapportar om struktur på flyplassar.

Nytt pkt1 i staden for punkt 1 i tilrådinga frå hovudutval for samferdsle:

Ei kommersialisering av flyrutene i Sogn og Fjordane vil truleg medføre eit dårlegare flytilbod med færre avgangar og høgare billettprisar. Fylkesutvalet vil peike på at ei kommersialisering vil ha svært negative konsekvensar for næringslivet fordi det ikkje er passasjergrunnlag for kommersielle ruter med naudsynt frekvens i fylket vårt. Ei kommersialisering er også negativt for utflyging av personell med helikopter til oljefelta i Nordsjøen. Fylkesutvalet i Sogn og Fjordane vil difor ikkje tilrå ei kommersialisering av rutene mellom Sogn og Fjordane og Bergen/Oslo.

Tillegg til punkt 5 i tilrådinga frå hovudutval for samferdsle:

Som ein del av konkurransegrunnlaget, må tilbydarane konkurrere om kven som kan tilby best pristilbudsregime til barn og studentar.

Avrøysting:

Arbeidarpartiet, Senterpartiet, Kristeleg Folkeparti, Høgre og Venstre sitt framlegg til innleiing og tillegg til punkt 5, og punkta 2, 3 og 4 i tilrådinga frå hovudutvalet vart samrøystes vedtekne. Innleiinga i tilrådinga frå hovudutval for samferdsle kom ikkje opp til avrøysting.

Åshild Kjelsnes, Nils P. Støyva, Jenny Følling, Anders Ryssdal, Anita Nybø, Bjørn Erik Hollevik, Marit Barsnes Krogsæter og Trude Brosvik røysta for Arbeidarpartiet, Senterpartiet, Kristeleg Folkeparti, Høgre og Venstre sitt framlegg til punkt 1.

Frank Willy Djuvik røysta mot.

Frank Willy Djuvik røysta for punkt 1 i tilrådinga frå hovudutval for samferdsle.

Åshild Kjelsnes, Nils P. Støyva, Jenny Følling, Anders Ryssdal, Anita Nybø, Bjørn Erik Hollevik, Marit Barsnes Krogsæter og Trude Brosvik røysta mot,

Dette gir følgjande VEDTAK:

Innleiing:

Sogn og Fjordane har i dag fire regionale lufthamner. Fylkesutvalet vil understreke at det er viktig å finne løysingar for anboda som gjer at fleire passasjerar ønskjer å nytte fly for transport til og frå fylket. Vårt mål er at vi skal ha eit aktuelt og attraktivt tilbod på rutenettet på alle våre fire flyplassar: Sogndal, Sandane, Førde og Florø. Flyplassane er livsnerven for vårt griskrendte fylke, og samfunnsnyttan må også reknast inn i framtidige rapportar om struktur på flyplassar.

1. Ei kommersialisering av flyrutene i Sogn og Fjordane vil truleg medføre eit dårlegare flytilbod med færre avgangar og høgare billettprisar. Fylkesutvalet vil peike på at ei kommersialisering vil ha svært negative konsekvensar for næringslivet fordi det ikkje er passasjergrunnlag for kommersielle ruter med naudsynt frekvens i fylket vårt. Ei kommersialisering er også negativt for utflyging av personell med helikopter til oljefelta i Nordsjøen. Fylkesutvalet i Sogn og Fjordane vil difor ikkje tilrå ei kommersialisering av rutene mellom Sogn og Fjordane og Bergen/Oslo.
2. Fylkesutvalet tilrår at departementet gjev pålegg om forplikting til offentleg tenesteyting (FOT) og kjøper flyrutetenester etter anbodskonkurranse på alle ruter mellom Sogn og Fjordane og Oslo/Bergen med minst same krav til setekapasitet, frekvens, flystørrelse og ruteføring som i dag.
3. Fylkesutvalet kan ikkje akseptere at rutene mellom Førde og Bergen vert lagde ned og ber dessutan om at Samferdsledepartementet vurderer ei rute frå Bergen til Sogndal, Førde og Sandane på ettermiddag mellom kl. 16:00 og 17:00.
4. Setekapasiteten på morgonrutene til Oslo og ettermiddagsrutene frå Oslo må styrkast. For å få dette til er det ønskjeleg med fleire direkteruter Sogndal/Sandane og Oslo morgon og ettermiddag/kveld, som då kan gjere at ein får nattstasjonert fly i Sogndal også
5. Fylkesutvalet meiner maksimaltaksten på FOT-rutene er for høg slik som den er i dag og bør ikkje aukast ut over dagens nivå. Som ein del av konkurransegrunnlaget, må tilbydarane konkurrere om kven som kan tilby best pristilbudsregime til barn og studentar.

SAK 124/14 Reiserekningar - dispensasjon frå reglementet Arbeidsvilkår for folkevalde

VEDTAK:

- 1 Søkningen frå Nils P. Støyva om dispensasjon frå punkt 6 i reglementet «Arbeidsvilkår for folkevalde» vert imøtekommen.
- 2 Dispensasjonen er gjeldande frå søknadstidspunktet 14. oktober 2014.

-----«»-----

Nils P. Støyva gjekk frå som ugild ved handsaming av saka.

SAK 125/14 Politisk organisering i Sogn og Fjordane fylkeskommune 2015-2019

**Frå fylkesrådmannen låg det føre slik tilråding til vedtak:
Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:**

- A. Den politiske organiseringa i fylkeskommunen vert for valperioden 2015-19 slik:
1. Fylkestinget skal ha 31 medlemmer.
 2. Fylkesutvalet skal ha 9 medlemmer.
 3. Fylkeskommunen skal ha 3 hovudutval, kvart med 7 medlemmer, slik:
Hovudutval for samferdsle.
Hovudutval for opplæring.
Hovudutval for næring og kultur.

Inntil delegeringsreglementet er revidert, jf. pkt. C. under, går alle plansakene i dagens Hovudutval for plan og næring til fylkesutvalet.
 4. Fylkesordføraren og fylkesvaraordføraren skal ikkje vere medlemmer i noko hovudutval.
 5. Det skal ikkje vere personsamanfall mellom fast møtande medlemmer i fylkesutvalet og fast møtande medlemmer i hovudutvala.
 6. Ordningane med finansutval og planutval vert vidareførte som i dag.
 7. Kontrollutvalet skal ha 3 medlemmar og ein av desse, leiaren, skal veljast mellom fylkestinget sine medlemmer.
- B. Det konstituerande fylkestinget må sjølv fastsetje fylkesordføraren si godtgjersle. Det vil vere opp til det nye fylkestinget om godtgjerslene til dei folkevalde elles skal vurderast.
- C. Også delegeringsreglementet skal vurderast av det nye fylkestinget. Dette må gjerast innan 31.12.16.
- D. Fylkestinget ber fylkesrådmannen kome attende med ei sak der ein vurderer personsamanfall mellom medlemene i eldrerådet og medlemene i rådet for funksjonshemma. I denne saka skal ein og vurdere kor mange medlemmer det bør vere i råda.

Endringsframlegg:

Framstegspartiet sette fram slikt framlegg til vedtak:

Nytt punkt A:

Organiseringa av Fylkestinget vert som i dag for valperioden 2015-2019

Nytt punkt E:

Det vert innført parlamentarisme i Sogn og Fjordane Fylkeskommune frå valperioden 2015-2019

Arbeidarpartiet og Senterpartiet sette fram slikt framlegg til vedtak:

A:

Endring av pkt. 3.

9 medlemmar i kvart utval slik:

Nytt pkt. 5

Leiarane i hovudutvala skal ikkje vere medlem i fylkesutvalet.

Nytt pkt. 7

Kontrollutvalet skal ha 3 medlemmar, og to av desse, leiar og nestleiar, skal veljast mellom fylkestinget sine medlemmar

Venstre sette fram slikt framlegg til vedtak:
Nytt punkt 7: Kontrollutvalet skal ha 5 medlemmer.

Avrøysting:

Frank Willy Djuvik røysta for Framstegspartiet sitt framlegg til nytt punkt A.
Åshild Kjelsnes, Nils P. Støyva, Jenny Følling, Anders Ryssdal, Anita Nybø, Bjørn Erik Hollevik, Marit Barsnes Krogsæter og Trude Brosvik røysta mot.

Åshild Kjelsnes, Nils P. Støyva, Jenny Følling, Anders Ryssdal, Anita Nybø, Bjørn Erik Hollevik, Marit Barsnes Krogsæter og Trude Brosvik røysta for punkt 1 i tilrådinga frå fylkesrådmannen. Frank Willy Djuvik røysta mot.

Åshild Kjelsnes, Nils P. Støyva, Jenny Følling, Anders Ryssdal, Anita Nybø, Bjørn Erik Hollevik og Frank Willy Djuvik røysta for Arbeidarpartiet og Senterpartiet sitt framlegg om 9 medlemmar i hovudutvala. Marit Barsnes Krogsæter og Trude Brosvik røysta for tilrådinga frå fylkesrådmannen om 7 medlemmar i hovudutvala.
Resten av punkt 3 i tilrådinga frå fylkesrådmannen vart samrøystes vedteken.

Åshild Kjelsnes, Nils P. Støyva, Jenny Følling, Anders Ryssdal, Anita Nybø, Bjørn Erik Hollevik og Frank Willy Djuvik røysta for Arbeidarpartiet og Senterpartiet sitt framlegg til nytt punkt 5 i staden for punkt 5 i tilrådinga frå fylkesrådmannen.
Marit Barsnes Krogsæter og Trude Brosvik røysta for punkt 5 i tilrådinga frå fylkesrådmannen.

Åshild Kjelsnes, Nils P. Støyva, Jenny Følling, Anders Ryssdal og Anita Nybø røysta for Arbeidarpartiet og Senterpartiet sitt framlegg til nytt punkt 7.
Bjørn Erik Hollevik, Frank Willy Djuvik og Marit Barsnes Krogsæter røysta for Venstre sitt framlegg til nytt punkt 7.
Trude Brosvik røysta for punkt 7 i fylkesrådmannen si tilråding.

Frank Willy Djuvik røysta for Framstegspartiet sitt framlegg til nytt punkt E.

Punkta 2, 4, 6, B, C og D i tilrådinga frå fylkesrådmannen vart samrøystes vedtekne.

Dette gir følgjande VEDTAK:

Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:

- A. Den politiske organiseringa i fylkeskommunen vert for valperioden 2015-19 slik:
 1. Fylkestinget skal ha 31 medlemmer.
 2. Fylkesutvalet skal ha 9 medlemmer.
 3. Fylkeskommunen skal ha 3 hovudutval, kvart med 9 medlemmer, slik:
 - Hovudutval for samferdsle.
 - Hovudutval for opplæring.
 - Hovudutval for næring og kultur.Inntil delegeringsreglementet er revidert, jf. pkt. C. under, går alle plansakene i dagens Hovudutval for plan og næring til fylkesutvalet.
 4. Fylkesordføraren og fylkesvaraordføraren skal ikkje vere medlemmer i noko hovudutval.
 5. Leiarane i hovudutvala skal ikkje vere medlem i fylkesutvalet.
 6. Ordningane med finansutval og planutval vert vidareførte som i dag.
 7. Kontrollutvalet skal ha 3 medlemmar, og to av desse, leiar og nestleiar, skal veljast mellom fylkestinget sine medlemmar
- B. Det konstituerande fylkestinget må sjølv fastsetje fylkesordføraren si godtgjersle. Det vil vere opp til det nye fylkestinget om godtgjerslene til dei folkevalde elles skal vurderast.

- C. Også delegeringsreglementet skal vurderast av det nye fylkestinget. Dette må gjerast innan 31.12.16.
- D. Fylkestinget ber fylkesrådmannen kome attende med ei sak der ein vurderer personsamanfall mellom medlemene i eldrerådet og medlemene i rådet for funksjonshemma. I denne saka skal ein og vurdere kor mange medlemer det bør vere i råda.

SAK 126/14 Skriv og meldingar fylkesutvalet 5. november 2014

Følgjande skriv, meldingar og orienteringar vart handsama:

- 1a: Fylkeshistorie for Sogn og Fjordane - rapport frå arbeidet
- 1b: Framdriftsrapport
- 1c: Oppdatert publikasjonsliste
- 1d: Referat frå møte i styringsgruppa for fylkeshistorie for Sogn og Fjordane

- 2: Stønad til Fjord-Norge AS i 2015 og ny eigarbestilling

- 3: Brev til samferdsledepartementet - Førdepakken, status for KS2 Førdepakken

- 4: Samarbeidsprosjekt. Lokal mobilisering mot doping

- 5a: Notat frå fylkesrådmannen vedr søknad om driftstilskot 2014 frå FFO Sogn og Fjordane
- 5b: Søknad om overføring av årleg driftstilskot

- 6: Framdrift Regional plan for folkehelse

- 7a: E-post frå Hollevik: Høyringsuttale frå Flora Industri- og Næringsforening om anbod på flyruter i Florø
- 7b: Høyringsuttale FIN

- 8: KS sin uttale om Statsbudsjettet på Landsstyremøte 29.10.14

- 9a og b: Konesjon til Vågsvåg vindkraftverk

- 10a, b og c: Konesjon til Guleslettene vindkraftverk

- 11a, b og c: Konesjon til Hennøy vindkraftverk